



DEN NORSKE KYRKJA

Voss Kyrkjelege Fellesråd

Til høyringsinstansane

Dato: 25.03.2026

Vår ref: 23/11758-2

Nye vedtekter for gravplassane i Voss herad til høyring

Bakgrunn

Voss kyrkjelege fellesråd er gravplassmyndigheit i Voss herad og forvaltar 9 gravplassar. Voss kyrkjelege fellesråd har handsama og vedteke forslag til nye vedtekter klargjort for høyring.

Etter slik høyring med frist 30. april 2026 skal fellesrådet handsama tilbakemeldingar og gjera endeleg vedtak om ny gravplassforskrift før oversending til Statsforvaltaren for godkjenning.

Endringar

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark har publisert ein veiledar som dannar grunnlag for fleire av dei foreslåtte endringane. Forslag til reviderte vedtekter er forhåndsdrøfta med Statsforvalteren.

Det er gjort nokre mindre oppryddingar i kvar dei ulike bestemmelsane står, og det er gjort språklege justeringar og forenklingar.

Det er gjort endringar i festetid. Festetida er endra frå fem år til eitt år. Festeavgift følgjer samme intervall som festetid.

Tidlegare ordning med oppretting av stellfond utgår. Eksisterande stellfond vert vidareført til stellfondet er tomt. Det vert ikkje betalt renter på stellfond.

Det er ikkje lenger høve til å nytta fakkell eller fakkellboksar på gravplassane.

Det er høve til namneflytting til minnelund.

Høyringsfrist

Høyringsfrist for innspel er sett til 30.04.2026.

Postadresse:	5701 VOSS	E-post: post.voss@kyrkja.no	Sakshandsamar
Telefon: +4756523880		Web:	Tor Ivar Johnsson
		Org.nr.:976995031	+47 46872909

Høyringsprosess

I samsvar med forvaltningslova § 37 vert forslag til vedtekter lagt ut på høyring:

- På nettsidene til Voss kyrkjelege fellesråd og Gravplass i Voss
- Til Voss herad
- Trus- og livssynssamfunn, sokneråd, gravferdsbyrå og forhandlarar av gravminne

Vidare saksgang

1. Forslag til vedtekter vert sendt ut
2. Innspel vert handsama
3. Voss kyrkjelege fellesråd vedtar vedtekter og gjer greie for saksgang og innspel
4. Vedtektene vert sendt til Statsforvaltaren for godkjenning
5. Vedtektene vert kunngjort på Lovdata. Vedtektene vert gjort kjent på nettsidene til Voss kyrkjelege fellesråd og Gravplass i Voss og andre relevante sider før dei vert teke i bruk.

Høyringssvar

Eventuelt høyringssvar må sendast skriftleg til e-post: post@gravplassivoss.no eller Gravplass i Voss, Postboks 49, 5701 Voss.

Med helsing

Tor Ivar Johnsson
kyrkjeverje

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Vedtekter til høyring

,